



Tryggheimhelsing

Staben til Israel

s. 8-9




På
Klokkarhagen
s. 4



Fredsarbeid
s. 6



Langdistanse
s. 10



Rektor har ordet



Gjermund Viste

Viss det vert fleirtal, då er det vel sanning?

I fleire høve er vårt samfunn organisert slik at vi treng å stemme for å gjere eit vedtak og kome vidare. Det fungerer godt i mange høve. Men kva med usemje om det kristne livet, Guds Ord – Bibelen? Gjeld fleirtal også her?

På leit etter maksimal oppslutning

Når vi les reportasjar og debattinnlegg i media i vår, får vi dessverre inntrykk av at eit fleirtal er viktigare enn kva Bibelen seier. I samband med debatten om ekteskapet på kyrkjemøtet i vår vart det uttala frå rektor på Misjonshøgskolen i Stavanger, Bård Mæland: «Eg har leita etter balansepunktet som kan få maksimal oppslutning. Kanskje det kan vera her,» seier han. Han meiner at kyrkja treng eit vedtak utan taparar og vinnarar. «Eg merker at folk ikkje er heilt fornøgdde. Dei må strekkja seg frå begge sider for å gå for dette. Det trur eg er bra» (Aftenbladet, 8. april 2014).

Ein annan kyrkjemøtedelegat såg det annleis. Øivind Benestad sa følgjande til NRK: «Jeg blir fornøyd dersom vi ender på at ekteskapet fortsatt bevares som et forhold mellom mann og kvinne. Det er eneste løsningen, både bibelsk og kirkehistorisk, på hva et ekteskap er. Det er det som vil holde Kirken sammen på sikt» (Jarlsberg blad, 15. mai 2014).

Det som kan stå seg i ein sanningstest

Indremisjonsforbundets Erik Furnes var heller ikkje positiv til kompromiss-forslaga: «... Mitt spørsmål er da: Hvem skal en be til? Ber en Bibelens Gud om å velsigne noe han kaller synd så ber en for døde

ører, uansett hva det måtte gjelde. Ethvert menneske som lever i strid med Guds vilje må kalles til omvendelse, ikke til alteret for å få velsignelse.» I same artikkel seier Rolf Kjødde i Normisjon: «Målet må ikke være å samle Kirkemøtet om et vedtak, men å samle flest mulig om det som kan stå seg i en sannhetstest» (Dagen, 8. april 2014). Vi er einige. 56 tilsette på Tryggheim var nett på ei lærerik, oppbyggjeleg og samansveisande etterutdanningsreise til Israel. Vi var også oppe på Karmel-fjellet der vi las om profeten Elia. Tenk om fleirtalet hadde fått råde på Karmel?

Familien som samfunnet si grunncelle

På Tryggheim ønskjer vi å halde fram ekteskapet mellom mann og kvinne som samfunnet si grunncelle. Vi meiner vidare at barn må få vekse opp med biologisk mor og far, om ikkje særlege grunnar skulle tilseie noko anna. Dette er også i samsvar med FN sin barnekonvensjon, art. 7.1; "Barneet skal ... så langt det er mogleg ... har rett til å kjenne sine foreldre..." Som kristen friskule skal vi undervise i samsvar med vår godkjenning og overtyding. Det er vi glade for, men vi ønskjer å gjere det på ein forsvarleg måte. Vi ønskjer difor på Tryggheim å skape eit miljø for at også elevar med homofile kjensler, enten dei står fram eller

ikkje, enten dei ønskjer å vere kristne eller ikkje, skal kjenne seg verdsett og respektert. Denne utfordringa gjeld ikkje berre i kristne miljø og skular (idrett, forsvaret, andre arbeidsplassar). Vi ønskjer å ta dette på alvor på Tryggheim og vil slå ned på all type hets mot homofile, også lettvinde vitsar som elevar måtte uttale.

Tillit til Bibelen, Guds Ord

Vi ønskjer i etikkspørsmål og også i andre spørsmål å ta Guds Ord på alvor. Det gjeld også i høve til skapinga av verda. Det er difor svært overraskande å indirekte få merkelappen «ikkje bibeltru» av professor Torleif Elgvin ved NLA Høgskolen Stafeldtsgate; «Elgvin mener det er modernistisk å tenke at urhistorien skal leses som dokumentarisk historie. Vi er tettere på forfatterne om vi forstår dem som symbolfortellinger, sier han. 1. Mosebok 1-11 gir seg aldri ut for å være dokumentarisk historie. Å lese det slik er det motsatte av bibeltroskap, fordi en leser inn noe som ikke var intendert av dem som ga oss tekstene» (Dagen, 5. april 2014). I Bibelen skriv apostelen Peter om «Noahs dagar då Guds langmod venta medan arka vart bygd. I henne vart nokre få, det er åtte sjeler, frelste gjennom vatn.» (1. Pet. 3, 20-21). I Matt. 24, 37-39 skildrar Jesus kvardagen i Noahs dagar før vassflaumen kom. I Luk 3, 23ff les vi om ættetavla til Jesus, heilt frå Adam. I Rom. 5 skriv Paulus om synda som kom inn i verda ved eitt menneske, Adam. Og i vers 18; «Altså, liksom éin manns brot vart til fordøming for alle menneske, såleis vart og éin manns rettferdige gjerning til livsens rettferdiggjering for alle menneske.» Dette vitnar ikkje om symbolhandlingar. Det er difor skuffande å lese slik frå ein professor som heller skulle ha som oppgåve å skape tillit til Guds Ord. Då set vi meir lit til det Johannes Kleppa skriv om same tema: «Testen på bibeltruskap i dette spørsmålet vert særleg aktualisert på at vi tek historisiteten på alvor i skapingsfortellinga, syndefallet og i urhistoria generelt. Dette inneber at vi reknar Adam og Eva som dei to første menneska, og at dei er stamforeldre til heile menneskeslekta og definerer mennesket ved at det er skapt i Guds bilete» (Dagen, 16. mai 2014).

Sanning i går, sanning i dag

På skulen har vi tala om sanning. $2 + 2 = 4$ er ei sanning som ikkje endrar seg. Slik er det også med Gud. Han er sanning. Han er uforanderleg. Salme 119,89; "Til evig tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen." Salme 119,160; "Summen av ditt ord er sanning, og til evig tid står all di rettferds lov ved lag." Vi må framelske sanninga.

Betryggende beskjed



Det var tøffe tider for de første kristne etter at Jesus fór opp til himmelen. Johannes, kjærlighetens apostel, befant seg også i en vanskelig situasjon. Han satt isolert på øya Patmos i Egeerhavet, forvist dit av den romerske keiseren Domitian på grunn av sin kristne overbevisning. Nå kunne han ikke lenger veilede de nystartede menighetene i Lilleasia (dagens Tyrkia). Mange av hans nærmeste venner var allerede døde for sin tro. Johannes var den eneste av disiplene som ikke led martyrdøden.

Det er rimelig å tenke seg at Johannes satt på Patmos som en motløs, nedbrutt, fortvilet og desillusjonert mann. Kristne ble forfulgt, hans eget misjonsarbeid

ble utsatt på ubestemt tid og han var deportert til en øde øy fordi han var en brennende kristen. Kanskje begynte han selv å tvile på om Jesus virkelig var Guds Sønn, omstendighetene tatt i betraktning?

Dette er bakgrunnen når Johannes får et syn fra Gud. Johannes kjenner Menneskesønnens hånd på seg etterfulgt av ordene "Frykt ikke! Jeg er den første og den siste og den levende. Jeg var død, men se, jeg lever i all evighet, og jeg har nøklene til døden og dødsriket" (Joh. Åp. 1,17-18) Snakk om beroligende bekræftelse fra Kongenes Konge. Mismodighet snudd til forsterket tro på at Gud har kontroll når alt virker håpløst.



Kjartan Håland

Et lignende vers blir gitt til Job i det gamle testamentet – en mann som måtte tåle mer smerte, lidelse og ulykke enn de fleste, og som klaget sin nød over motgangen til en Gud som opplevdes som taus og fraværende. Ordet han får bekrefter Guds nærvær på tross av at det ikke alltid føles eller merkes slik. «Også når du sier at du ikke ser ham, så ser han din sak, og du må vente på ham.» (Jobs bok 35,14) Tålmodighet eller evne til å vente er kanskje ikke det som preger mennesker i et jagende og rastløst samfunn anno 2014 heller, men du kan like fullt stole på at Gud er oppmerksom på, og virker i, livet ditt. «Det er svar underveis, engler kommer med bud. Om det drøyer, det fram dog skal nå,» lyder en av strofene i sangen «Det er makt i de foldede hender» av Trygve Bjerkheim.

Disippelen Johannes fikk i oppdrag å skrive ned synet han fikk. Dermed kan også vi bli oppmuntret og styrket når vi møter utfordringer i livet, eller kjenne på en indre ro og takknemlighet til Gud på en varm, bekymringsløs sommerdag i juni.

Elevstemnet 2014

Tryggheim inviterer til elevstemne 9. - 10. august i år.

Vi håpar å sjå deg på Tryggheim denne helga. Skulen ordnar med innkvartering for dei som treng det. Opphaldet er gratis, men du får høve til å gi ei gåve til Tryggheim på festen.

Det er fint om du melder deg på så snart som råd, helst før 3. aug. Påmelding kan sendast på e-post: elevstevne@tryggheim.no

Hjarteleg velkomen!
Mvh. Elevstemnekomiteén v/Torleiv Haus

Program:

Laurdag 10. august

kl 1530 Kaffi
kl 1800 Festkveld
Tale v/Anders Lindefjeld
Jubilantinnslag
Gåve til skulen
God mat
Samling i elevgrupper etter festen

Søndag 11. august

kl 0900 Frukost
kl 1100 Møte v/Gjermund Viste



Illustrasjonsfoto
60 års jubilantar 2013



Allis i aksjon på Klokkarhagen.



Amalie, Sara, Maren, Anna, Allis, Eva, Beate, Anne Marie, Siv-Iren og Miriam har lært mykje i løpet av dagane på Klokkarhagen.

- Fire dagar var for lite!

Rett før påske fekk helsefagarbeidarelevane på vg2 omsetja teorien i praksis på ein ny måte. Fire dagar til ende arbeidde dei saman på Klokkarhagen på Varhaug og stelte med og for demente. Tryggheimhelsing tok ein prat med jentene i klasse 2HEa medan erfaringane framleis var ferske.

- Av: Bjørg Topnes
- Foto på Klokkarhagen: Aud Sirevåg

Gode erfaringar

- Me lærte utruleg mykje meir på denne måten, seier Anna Dybdahl Hauge, og samliknar med teoritimane på skulen.
- Det beste med opplegget er å sjå kor glade dei eldre blir, legg Allis Grønås Stenersen til.
- Eg synest me fekk veldig god erfaring, istemmer Miriam Bøe. Nokre brukarar trong ein god del hjelp, medan andre klarte ganske mykje sjølv.
- Jobbmessig var det kjekt og slitsamt. Me gjekk turnus og såg at det ikkje er tid til så mykje liv utanom. Me fekk rett og slett erfara meir av korleis arbeidslivet er, meiner Sara Reilstad og Beate Eikeskog.

Turnusvakter

Det er andre året helsefagarbeidarane på Tryggheim og lærarane deira gjennomfører dette opplegget. Dei fast tilsette på Klokkarhagen nytta dagane til å vera på kurs saman og samstundes, men stilte opp på nattevaktene. Elevane fekk god opplæring før dei gjekk vakter åleine.
- Måndag fekk me opplæring og informasjon om brukarane. Tysdag gjekk me vakter saman med dei tilsette. Onsdag og torsdag

var ansvaret vårt. Lærarane våre er sjukepleiarar og tok ansvaret for medisineringsa. Elles var det me elevar som gjorde alt, gjekk turnus og hadde dag- og kveldsvaktene, fortel ein ivrig klasse.

Å få ansvar

- Å få ansvar var kjekt, meiner Beate Eikeskog. Me hadde ansvar for stell og mat og skyllerommet.
- Dessutan måtte nokon møta tidlegare om morgonen for å få rapport frå nattevaktene, og nokon måtte vera litt lenger om ettermiddagen for å gje rapport til neste vakt, fortel Allis.
- Me hadde aktivitetar saman med brukarane, blant anna song me saman med dei. Dessutan bakte me til seniordansegruppa kom på besøk ein føremiddag. Både eplekaker, sjokoladecake og potetkaker blei trylla fram. Dansegruppa viste fram kunstene sine, og svinga etterpå både elevar og brukarar i valsen, fortel klassen i munnen på kvarandre.

Me kunne ikkje seia nei

Elevane har vore ute i praksis to periodar tidlegare i skuleåret, men ikkje med slikt ansvar. Dei har gjort seg mange nyttige erfaringar og tankar om det dei no har vore

med på.

- Me fekk gjort og prøvt meir når me jobba åleine enn når me gjekk med rettleiarane våre i andre praksisperiodar, meiner Anna. Dessutan vart me betre kjende med brukarane.
- Her blei me pusha ut i det. Me berre måtte gjera ting. Når me har vore i praksis elles, har me følgt med ein tilsett og hatt sjansen til å seia nei til å gjera ting. No kunne me ikkje seia nei, og me torde faktisk å ta ansvar, fortel Sara.
- Eg trur me har gjort meir på desse to dagane enn dei førre praksisvekene til saman, oppsummerer Allis. No måtte me sjølve ha kontrollen, ta ansvaret og hugsa alt. Eg har vore på denne avdelinga i praksis tidlegare, og syntest det var kjekt å treffa igjen mange av brukarane. Men nokre var borte, og det var litt trist.

Omsorgsevne og -vilje

Elevane fortel med iver, og meiner opplegget har gjort det lettare for dei å avgjera om dei skal jobba med dette seinare i livet.
- Me trur pasientane også var nøgde, og me har fått inntrykk av at lærarane var tilfredse med innsatsen vår, påstår klassen i kor. At praksisveka har gjort djupt inntrykk på helsefagelevane på Klokkarhagen, vitnar i alle fall engasjementet i dette intervjuet om. Omsorga for brukarane og viljen til å gjera noko godt for dei, skin gjennom alt dei fortel. Hjartesukket frå Allis uttrykkjer det fleire tenkjer:
- Fire dagar var for kort. Me skulle vore der lenger.

Run for Jesus!



Tidene skiftar. For femti år sidan ville ingen trudd dei kunne gjera ein innsats for misjonen med å springa. No er misjonslaup den viktigaste posten i innsamlinga til misjonsprosjektet ved mange av dei kristne vidaregåande skulane.

- Tekst: Ingvar Fløysvik
- Bilete: Anne-Berit Gomo Aanestad og Eivind Svensen

Tysdag 8. april var elevar og lærarar ved Tryggheim vidaregåande skule samla i Nærbø sentrum for å springa for misjonen. I dagane før hadde dei forhandla med slekt og kjenningar og fått desse til å lova pengar til prosjektet om dei sprang. Somme gav ein sum same kor mange rundar representanten deira kom seg gjennom, andre skunda på dei med nokre kroner for kvar runde. Til saman vart det lova meir enn 700.000 kroner. Det meste av dette er inne på kontoen.

Skulen hadde lagt til rette ved å setja av dei to siste skuletimane til føremålet. Til gjengjeld kravde ein at alle var med, anten for å springa eller for å heia. I år er fyrste gongen løpet er obligatorisk. Skyer hadde terga utover dagen, men dei lét det vera med det. Gradestokken oppmuntra ikkje til å stå i ro, som vel var. Løypa var målt til 1100 meter, og mange, både av gutar og jenter, sprang både ei og to mil. Lengst av alle nådde Dost Sultani frå Helse- og oppvekst. Med 29 rundar gravla han den gamle rekorden på 27. Sjølv ikkje lærar Haus greidde hamla opp med han. Dei som ikkje sprang sjølve, var med og delte

ut drikkebeget eller frukt. Lærarane fekk klasselister og skulle telja rundar. Ikkje alle underviser i matte, viste det seg.

Som tidlegare år er russen og elevrådet saman om misjonsprosjektet. Denne gongen samlar dei inn til arbeid i Indonesia. Noko av pengane skal gå til førebyggjande helsearbeid. Det trengst praktisk opplæring både i matstell og hygiene. Dessutan er det viktig å undersøkje om drikkevattnet er reint, og sikra at ikkje kloakken endar i drikkevasskjelda. Ein del av pengane går til lesegrupper, leksehjelp og musikkgrupper for skuleborn. Det vert òg skipa foreldremøte der ein snakkar om familieverdiar og framtida for borna. Sist, men ikkje minst går noko av pengane til evangelisk arbeid. Dei skal verta støtte både for sundagsskulearbeid og for Abdi Sabda teologiske seminar. Indonesia har framleis folkegrupper der evangeliet er lite kjent. Dei me samarbeider med i landet, vil gjerne senda folk til desse gruppene med gledebodet.

Me lever i ei tid der ting skal skje kvikt. Å springa nokre rundar går langt fortare enn å sy ein hardangersaumsduk. Meir sosialt er det òg. Og når midlet leier til føremålet, og alle har det morosamt attåt, lyt sjølv gamle gle seg.



Hmm...nyttar redaktøren vår ufine metodar for å kome seg raskare fram?



Skal det vera eit glas vatn i forbigarten?



Ihuga deltakarar etter målgang



Nokre hadde kledd seg ut for anledninga



Ungdomsskuleelevane Filip Berge og Lars Harbo er klare for å sykla Noreg på langs. Også Torbjørn Harbo, Andreas Grødem, Tor Sølve Sikveland og studieleiar Oddmund Gravdal frå Tryggheim vgs blir med på turen.

Fredsarbeid frå sykkelsetet

Ungdomsskuleelevane Filip Berge og Lars Harbo byter denne sommaren ut strandsløving og sommarjobb med to veker på hjul frå Nordkapp til Lindesnes. Undervegs vonar dei å hjelpe palestinarar og israelarar til å bli venner.

Når 12 karar frå Nærbo i sommar legg ut på den lange sykkelturen Noreg på langs, er Tryggheim skular godt representerte. I tillegg til ungdomsskuleelevane Lars og Filip, er tre elevar frå vidaregåande og Tryggheim-veteran Oddmund Gravdal med.

- Me ser eigentleg mest fram til det sosiale. Det blir mykje drøs på ein slik tur, både på sykkelsetet og elles. Men for all del: Det skal også bli veldig kjekt å kunne seie det etterpå – at me har sykla Noreg på langs, seier Lars og Filip. Gutane legg ikkje skjul på at dei ser på dette som ei sjeldan moglegheit til ei stor oppleving.

- Det er mykje enklare å få til ein slik tur når ein kan bli med på eit ferdig organisert opplegg, der både overnatting, bagasje-frakt og ruta er ferdig planlagt, seier Filip. Overnattinga skjer på folkehøgskular og campingplassar, i telt og i lavvo. Ein eigen følgebil køyrer bagasjen. Sponsorar har ordna med drakter og mat.

Spleisar palestinarar og israelarar

Sjølv om det blir mykje kjekt og store opplevingar, er hovudmålet med turen å bidra til «Bridgebuilders», eit forsoningsprosjekt Israelmisjonen driv for unge palestinarar, israelarar og nordmenn, mellom anna gjennom utveksling.

- Korleis kan ein sykkelstur Noreg på langs vere til hjelp for eit slik prosjekt?

- Me trur det vil skape ein del blest om prosjektet, som gjer at me kan samle inn ein del pengar til det, fortel Lars. Ideen til sykkelturen og innsamlingsaksjonen stod ungdomsprest Dag Øivind Østereng for. Han inviterte med seg dei som måtte ha interesse for det, og Lars og Filip vart altså dei yngste som fekk vere med.

Ingen såre stumpar

Det kan bli ein tung tur, særleg mot slutten. Det er mange lange og tunge etappar, og i snitt må dei sykle 20 mil kvar dag. Den

lengste dagsetappa er på 27 mil. Ungdomsskulegutane er likevel ikkje redde – dei er godt trente på sykkelen etter fleire år i sykkelklubben på Nærbo. No trenar dei nesten som normalt, men har lagt inn fleire langturar, der dei sykklar mellom 10 og 20 mil om gongen.

Skulle dei bli såre i baken, har

Lars løysinga:

- Då er det berre å pøsa på med potetmjøl.

- Kva med ulukker?

- Me har med både lege og prest i sykkelgjengen, så det bør gå fint, smiler Lars.

Kvifor dei sykklar frå nord til sør? Då blir det jo nedoverbakke heile vegen

- Trygt på Tryggheim



Njål Njærheim, Andreas Fuglestad og Elin Askeland tek overgangen til vidaregåande med stor ro. Dei skal berre opp skråninga til det andre bygget!

For mange av ungdomsskuleelevane på Tryggheim vert overgangen til vidaregåande nokså smertefri. Kring halvparten av årets tiandeklassingar tek berre turen over tunet for å halda fram på Tryggheim også neste skuleår.

Njål Njærheim, Andreas Fuglestad og Elin Askeland bestemte seg alle for ei god stund sidan: Dei ville halda fram på Tryggheim også etter ungdomsskulen. Njål har tenkt seg på Bygg- og anleggsgfag, Andreas

skal på Studiespesialisering, medan Elin blir elev på Helse- og oppvekstfag.

Nært og kjent

Etter tre år på bruket er dei framleis ikkje

leie. Tvert om har det ført til at dei er tryggare på det valet dei har teke – fordi dei kjenner skulen frå før.

- For meg betyr det mykje at det er nært heime. Samtidig veit eg at det er ein god skule, og eg har høyrte mykje positivt også om vidaregåande, seier Njål, som bur på Gudmestad utanfor Nærbø. Også Elin tenkjer at nærleik til skulen er viktig, sjølv om ho bur på Varhaug.
- Det tek berre fem minutt med tog, og eg er vant med turen etter tre år på ungdomsskulen, seier ho. - Dessutan er sikkert lærarane der litt av same typen som her på ungdomsskulen, og då er det bra.

Kristen skule

For alle tre betyr det mykje at dei framleis skal gå på ein kristen skule, der dei veit kva lærarane står for. Likevel er dei klare over at det også er ein del som blir annleis på vidaregåande.

- Me har vore i bygga og kjenner til kor ting er. Likevel er det mykje som blir nytt. Det blir kjekt å treffa nye folk frå alle kantar av landet, seier Andreas.
- På vidaregåande blir det andre rutinar, og me får programfag som er heilt spesielle for den linja me har valt, seier Elin. Njål ser fram til å ha meir praksis.
- Tryggheim kjennest trygt, fordi me allereie kjenner både skulen og ein god del av dei andre me skal gå saman med der, avsluttar Andreas.

Eventyrleg drama



Stor sorg mellom dvergane etter at Snøkvit vart forgifta.

Det er ikkje måte på kor mykje drama det er på ungdomsskulen for tida. I det siste er det Snøkvit og dei sju dvergane som har stått på programmet.

Tryggheim ungdomsskule kan allereie skilta med ei stor årleg førestilling, der niandeklassingane står for programmet. Med valfaget *Drama og teater* er det duka for meir moro av sorten. I mai var det Snøkvit og dei sju dvergane som stod for tur, med to førestillingar same dagen, ein for barneskulane på Nærbø og ein for andre interesserte om kvelden. Til saman rundt 400 personar fekk sjå førestillinga.

Elevar med god driv

Sidan januar er i høgda to valfagstimar i veka brukt til førebuing, i tillegg til nokre kveldar i mai. Det var imponerende å sjå kva dei 19 jentene har fått til på så kort tid. Dei stod sjølv for heile førestillinga på nesten ein time. Alle sceneprestasjonar i tillegg til styring av musikk, lyd og lys vart gjort av elevane.

- Dei viste kjemp flott innsats, og var utruleg villige til å øva på kveldstid. Resultatet blei veldig godt, seier Sigurd Idland, som har vore lærar i valfaget. Han har etter kvart fått god erfaring med å setja opp førestillingar med ungdomsskuleelevlar, etter at han i fleire år har stått bak manuset



Den fæle dronninga, spelt av Juni Vatne, i ferd med å forvandlast til heks.

til førestillinga for 9. trinn. Det er også han som har bearbeida og tilpassa manuset for Snøkvit og dei sju dvergane.

Teppet har gått ned

Når Sigurd no gir seg på Tryggheim, ser det også ut til at valfaget forsvinn med han.

- Det har vore eit spennande fag, sjølv om det dette året har vore litt prøving og famling. Me har hatt dramaleik og teatersport, hadde sjølskrivne dramastykke på fire morgonandaktar før jul, har vore to gonger på teater, og no ei større førestilling på våren. Det er dumt at det ikkje blir vidareført neste år, eg hadde håpa det hadde vore nokon som kunne teke stafettpinnen vidare, seier han.

En festreise i Israel



Alle deltagerne – og guiden Johnny - samlet

For første gang i Tryggheims historie ble det i april-mai i år arrangert en personaltur der alle som ville av de ansatte på Tryggheim vgs, kunne delta. Turen gikk til Israel, og hensikten var at alle, enten man arbeider på kjøkkenet, på kontoret, som lærer eller som vaktmester, skulle få muligheten til å bli bedre kjent med dette bibelske landet. Litt over halvparten, dvs. nøyaktig 56, meldte seg på. Resten av personalet får muligheten til å reise på tur til Roma i oktober.

■ Tekst: Anne-Berit G. Aanestad

■ Foto: Eivind Svensen, Nils Vidar Henriksen, Anne-Berit G. Aanestad m.fl.

Pangstart

Ca. kl. 03.30 om natten sjekket vi inn på Sola, og litt ut på ettermiddagen landet vi på Ben Gurion flyplass i Tel Aviv. Deretter var det å komme seg i bussen og kjøre langs hele vestkysten opp til Haifa. På veien stoppet vi for et kort besøk i Herodes' havneby Caesarea. Vi skjønnte ganske tidlig at dette ikke kom til å bli noen avslappende ferietur...

«Jeg hadde fulgt etter deg hvor som helst!»

Det var oppsummeringen en av deltagerne hadde når hun skulle takke guiden vår, Johnny Segal, helt på slutten av turen. Maken til bibelkunnskap og historiekunnskap hadde vel de fleste av oss aldri opplevd.

Som ung mann i Sverige følte Johnny etter hvert at han som jøde hørte til i Israel. Han flyttet dit for å arbeide på kibbutz, traff sin tilkomne der, og stiftet familie. Etter noen år som lærer tilbake i Sverige, flyttet han med familien til Israel igjen – kona ville ikke at barna deres skulle vokse opp i storbyen Stockholm der hun stadig så rotløs ungdom med store rusproblemer.

Johnny karakteriserer seg selv som «sekulær jøde», men det er nok ikke mange av oss, om i det hele tatt noen, som har studert Bibelen like grundig som ham. Alle stedene vi kjenner fra Bibelen og mange av hendelsene både i GT og NT, kom liksom i et nytt lys når Johnny fortalte. Han kunne ikke bare historien slik den står i Bibelen, han kunne også fortelle om bakgrunnen, om forskjellige forhold i samfunnet på den tiden det skjedde, og om ord og uttrykk på hebraisk som kan ha flere betydninger, og som dermed ga tekstene et ennå dypere innhold.

Jøde først, så greker

I Haifa besøkte vi Eliaskirken, eller Beit Eliahu-menigheten, som er startet av Den norske Israelsmisjon. Pastor i menigheten er arabiske Samuel, som også har vært pastor i en frikirke i Norge og snakker flytende norsk. Det siste skyldes nok også hans norske kone Bjørg. Både Samuel og stedlig representant for Israelsmisjonen, Helene, fortalte engasjert om arbeidet de driver i Haifa. De var begge klare på at også jødene trenger evangeliet, det finnes ingen annen frelsesplan for dem heller enn gjennom Jesus Kristus. «Den som mener noe annet, må rive ut mange sider av Bibelen», sa Samuel med ettertrykk.

«Ettåring» i Haifa?

Under besøket vårt i Eliaskirken traff vi også Signe og Peder Idland, foreldrene til lærer på Tryggheim ungdomsskole Sigurd Idland. De arbeider som frivillige på Israelsmisjonens senter Ebenezer og er et godt eksempel på at det slett ikke bare er ungdommer som reiser ut i misjon som frivillige medarbeidere. Men ungdommer er selvfølgelig også hjertelig velkommen. «Bare de snakker engelsk, har lett for å omstille seg og er villige til å ta i et tak, så har vi bruk for dem!», forsikret Helene.

Fra Nasaret til Genesaret

Det ble åtte dager fullstappet med inntrykk og opplevelser. Vi gikk fra høydepunkt til høydepunkt, og under oppsummeringen i etterkant hadde mange vanskelig for å



Vi er klare for en natt i beduinleir



Vi skal ri inn i solnedgangen på kameler – eller var det dromedarer?



Klare for en dukkert i Dødehavet - Ole Christian og Ole Johnny har hevet seg på gjørmebehandlingen de også.



Elisabeth leser en hebraisk avis - flytende i Dødehavet er alt mulig.



Aud Oddrun, Elisabeth, Magne og Ole Christian i vakker kvartettsang i "Gravhagen" i Jerusalem.

svare på hva som hadde vært den største opplevelsen på turen. Noe som likevel grep mange på en spesiell måte, var båtturen på Genesaretsjøen. Å være båtfører for turistgrupper her på Israels største ferskvannsinnsjø har blitt en egen næring. Det som var så spesielt med vår båtfører, var at han var den eneste messianske jøden som hadde denne jobben. Da han for noen år siden ble en troende, fikk han i første omgang sparken. Nå var han tydelig glad for å kunne ta med en gruppe trossfeller ut på sjøen, som også er kjent under flere navn – Tiberiassjøen, Galileasjøen, Kinneret eller bare «søndagsskolesjøen». Midt utpå klemte han til med nydelig lovsang på både engelsk og hebraisk.

En mor med barnet sitt – og en soldat med gevær.

«Hvordan kan noen mishandle og drepe små barn om dagen og kysse egne barn god natt om kvelden?» Guiden vår trakk frem dette fenomenet som noe av det han hadde vanskeligst for å forstå når det gjaldt behandlingen av jøder og andre utsatte grupper under andre verdenskrig. Vi fikk et sterkt møte med vår nyere historie da vi besøkte Holocaustmuseet. På forhånd hadde Johnny bedt oss se etter et helt spesielt fotografi der en jødisk mor står sammenkrøket med det lille barnet sitt i armene. Bak henne står en SS-soldat med løftet gevær klar til å skyte kulen som skal gå gjennom både henne og barnet. Johnny ba oss tenke over at det også var en fjerde

person med her – nemlig den tyske soldaten som hadde stått og fotografert. I et eget bygg gikk vi tause forbi en stor vegg med barnebilder mens en høytalerstemme kontinuerlig leste opp navn og alder på alle de jødiske barna som mistet livet i konsentrasjonsleirene. De fleste gikk vel ut etter den timen vi hadde fått til rådighet med følelsen av at én time her var altfor liten tid – og samtidig mer enn nok...

Finnes det noe vi ikke rakk å se på åtte dager?

Jo, det gjør vel det, men det følte som om vi hadde fått med oss det aller meste på den tiden vi hadde hatt til rådighet. Betlehem, med innlagt besøk i en kristen menighet, Nasaret, Kapernaum, Golanhøydene, Masada, Tiberias, overnatting i beduinleir, ridetur på dromedarer, bading i Dødehavet, Jeriko, Jerusalem med gamlebyen, Klagemuren, lysshow som viste hele Israels historie, et utall kirker... Den siste dagen skulle vi etter programmet ha formiddagen fri, før vi skulle reise ut til flyplassen om ettermiddagen. «Men se her er det jo flere ledige timer», tenkte guiden vår, og spurte om vi ville ta en tur til Jaffa. Ja, det var vi med på, og dermed fikk vi stappet igjen det «hullet» i programmet også!

Noen hadde på forhånd vært veldig i tvil om de skulle melde seg på Israelsturen eller ikke. Etterpå var ingen i tvil om at dette



Vi får servert St. Petersfisk. Den har fått navnet etter gullmynten Jesus ba Peter finne i magen på en fisk og betale i skatt.



Lillian og Mimi arbeider til vanlig på kjøkkenet på Tryggheim – denne maten er nok noe annerledes enn den de serverer elevene...

hadde vært en helt utrolig reise vel verd å investere tid og ressurser i. Nå, flere uker senere, er det fortsatt mange inntrykk og opplevelser å fordøye, og et fast omkved blant oss som fikk være med på denne festreisen, har vært: «Nå har det blitt ennå mer spennende å lese Bibelen!»



Glad idrettsutøver med ambisjonane i orden.

Langdistanseløpar

■ Av Sofie Braut

Afghanistan. Eit land me kjenner frå mang ein dyster krigsreportasje. Stadig lir landet under den kombinerte børa av stormaktsambisjonar og eit nedarva indre kaos som kan synast endelaust. Like berykta og berømt er landet for sitt ugjestmilde landskap. Me trur sjølv me lever i eit fjell-land, men Galdhøpiggen og Glittertind vert små



Tryggheimeleven Dost ber med seg ei dramatisk historie.

i det ville Hindu Kush; fjellkjeda som gjerne kneisar langt over 7000 meter over havet og gjer sitt til at landet utan kyststripe er eitt av verdas mest utilgjengelege. I dette landet voks ein av årets Tryggheimelevar opp. Dost Mohammed Sultani trødde barneskoa sine som einebarn på eit småbruk i ein afghansk landsby; her levde han noko han kallar ein enkel, men god barndom saman med foreldra som dreiv eit typisk småskala jordbruk.

- Dei passa på meg. Me tente lite på garden, men me hadde det bra, me hadde det nødvendige. Som einaste barnet i familien var han mykje saman med vaksne, og han meiner sjølv han vart tidleg vaksen. Det måtte han. Ni år gamal er han foreldrelaus, og han flyttar til ei tante som tek seg av han. Her bur han til han er 13. Men det kryp inn ei uro i den unge guten, og han vert gradvis klar over at han ikkje kan bli verande. Han må vidare, ut frå Afghanistan, og som 13-åring legg han ut på sin lengste distanse: ei uvis reise med håpet og trua som reisefølge og Europa som eit uklart mål i det fjerne.

- Eg hadde god hjelp frå ein ven heime i Afghanistan, forklarar Dost om korleis ein trettenåring rustar seg for eit slikt oppbrot, og fortel om dei mange etappane som ligg bak han frå han braut opp frå heimlandet. Via transittopphald i Pakistan, arbeid som sveisar i Iran i to år, så eit kort opphald i Tyrkia, vidare: Hellas med den groteske flyktningleiren som gjer at folk som ungdommen

Dost tenkjer at ein ikkje har noko å tapa. Ein berre må vidare. Han skildrar, og det flimrar forbi eit norsk velferdssamfunnsinn utan at eg heilt klarer å ta det inn: mannen utan auge, folk som i farlege fluktruter ofrar armar, bein. Andre som drivne av svolt et kva som helst og vert reduserte til instinkta sine. Kyniske menneskesmuglarar. Mest av alt tenkjer ein kor kolossalt kontrastfylte liv me ber med oss.

- Det var mange som gav opp, mange som vart sitjande att i ein leir, det var så veldig vanskeleg. Han er ikkje ein som tek i bruk dei store orda, men fortel konstaterande og med smilet parat, sjølv der minna er alt anna enn muntre. Det er kanskje då ein verkeleg treng å kunna smila? For korleis overlever ein i grunnen, det kan ein lura på.

- Eg hadde med meg ei tru på at dette skulle gå, seier han på spørsmål om kva han tenkjer om at nettopp han lukkast med å koma seg vidare til Europa. Eg var djupt overtydd om at dette skulle eg klara. At han er uthaldande, syner att på idrettsbana. Som medlem i Sandnes idrettslag, tilbakelegg han framleis lange distansar, men no i langt fredelegare omgjevnader. 15 timar i veka går med til trening, så at han er uthaldande er opplagt.

Møtet hans med Noreg er eit eige kapittel i historia. Då han kom hit, var det flytting frå transittmottak i Oslo til mottak i Lofoten, der guten frå eit barskt område i verda kom i kontakt med eit anna.

- Me fatta berre ikkje kor folka var. Folketomt, slik verka det for oss. Dei få som var der, drog seg unna då me prøvde å få kontakt, og dei verka redde. Det var mørkt både dag og natt. Det var ei sjokkarta oppleving, fortel Dost, som gjennom idrett og aktivitet gradvis fekk norske vener. Og kom sørover etter kvart.

Han trivst på Tryggheim, og ser det ikkje som eit stort problem å vera elev her med eit anna livssyn. Det sosiale er godt her, og han har lært mykje om den kristne trua, det forventa han òg då han starta på ein kristen skule. Så om han skifter skule til hausten er det av omsyn til langdistanseløparens tettpakka treningsprogram, og ikkje på grunn av manglande trivsel. Men dei lange distansane, dei likar Dost. At han er dyktig, fortel treningsøker med dei vidgjetne brørne Ingebretsen på Sandnes det meste om. Med dei er det sosialt og seriøst, fortel Dost, glad over å ha ein som Gjert Ingebretsen som trenar. Vel framme i Noreg er han ein som framleis set seg mål, og har motet til å fortelja om dei. Han drøymmer om å bli norsk statsborgar. Om å få arbeida i politiet, og slik hjelpa andre og arbeida med menneske. Og så er det idrettsbanen, då, her tek draumen på seg eit startnummer og legg av garde med ambisjonane som hare. Setja norsk rekord, kanskje?

- Gjerne det, norsk rekord på 3000 meter, det hadde vore fint, avsluttar Dost, men veit også at den aller lengste og mest krevjande distansen er unnagjort.

Tryggheimkalender

JUNI

Fre. 13. Avslutningsfest kl. 18.00

Tors. 19. Siste skoledag

AUGUST

Lør. 9 – søn. 10. Elevstevne

Lør. 16. Åpningsfest og første skoledag

SEPTEMBER

Tirs. 2. – søn. 14. Møteuker

Tors. 11. – lør. 20. Vg2-tur Polen/Tsjekkia/
Tyskland og Israel

OKTOBER

Man. 06. – fre. 10. Høstferie

Visste du at...



Illustrasjonsfoto

TRYGGHEIMHELING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)

Sofie Braut

Ingvar Fløysvik

Knut Handeland

Björg Topnes

Knut Reier Inderbø (ungdomsskulen)

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserer: Aud Bodil Voll

Bladet koster kr 100,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Anne Gro Bakke Arnesen (HO/PB 10-13) og **Oddvar Lønesløyken** (EL 09-11) giftet seg 5. april
Alise Sandvik (ST 07-10) og **Joar Andre Obrestad** giftet seg 12. april
Torbjørn Fotland (AF 01-04) og **Mona Sæle Kongsvik** giftet seg 12. april

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen.
Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen.

SUMARKVELDEN

Av Ivar Aasen (Symra, 1863)

Velkomen atter hit til våra grender,
velkomen her, du sæle sumarkveld,
med lauv og gras ut yver alla strender
og gule blomar i den grøne feld,
med lette småsky, lagd i lange render
som trådar i det høge himmel-tjeld,
og med den milde ljosken, som seg breider
ut yver fjell og fjord på alle leider.

Her er så ljøs ein lit på alle grunnar
for ljøs til natt og mesta dim til dag.
Dei stille votni standa blå som brunnar,
og fossar syna seg i kvite drag.
Det myrkjer i dei tette holt og runnar;
det ljøskar i dei blakke bygdalag.
Den ljøse himmel speglar seg i sjoen
og blikar midt i doggi yver moen.



Kom, lat oss nøyta tidi, som ho skrider,
og minnast, at ho skrider ofsa fort.
Med kvar ein dag, med kvar ein kveld,
som lider,
eit stig mot myrke vetteren er gjort.
Det kjem ein dag, då kvar ein blom, som bider,
er fallen av; og slikt eit fall er stort.
Di skal eg sjå på blomen, fyrr han blaknar,
og nøyta sumar'n fyrr eg honom saknar.

Tryggheimhelsing vil ynskja alle ein god og signerik sommar!

FORFATTARSPIRER?



Rebecca og Linda har laga flotte barnebøker.

Finn me kommande forfattarar på Tryggheim? Barnebokproduksjonen i Barne- og ungdomsarbeidarklassane kan tyda på det. Rebecca Fon og Linda Veen Høien er blant dei som har laga flotte bøker med tekst og teikningar for born i 5-6-årsalderen.

■ Av Bjørg Topnes

Pedagogisk

Linda fann inspirasjon i gamle barnebøker heime, særleg ei Ole Brumm-bok. Hovudpersonen vart ei gås som går tur i skogen og treffer på forskjellige dårlege vener før ho til slutt finn ein god ven for livet.

- Eg har lese boka for småsøskena mine, og det slo an, fortel ho.

Rebecca har brukt ein elg som hovudperson. Ideen kom frå ein tilsvarande figur heime på skrivebordet.


- Sjølve forteljinga berre poppa opp inne i hovudet mitt, fortel ho. Elgen skal på isen for første gong og må vera forsiktig. Han lærer å ikkje gå åleine, og at øving gjer meister, seier Rebecca, og innrømmer at boka har eit visst pedagogisk tilsnitt.

- Då eg var i praksis i barnehage, viste eg fram boka mi i samlingsstunda og fortalte historia. Borna følgde med og tok poenget, seier ho nøgd.

Tverrfagleg prosjekt

Å laga bok var eit tverrfagleg prosjekt mellom norsk og yrkesfaga. Begge jentene tykte det var kjekt, spennande og gildt å få ei slik utfordring. Det gjekk med ganske mange arbeidstimar, både på skulen og heime. Litt for mange til å telja, er dei samde om.

- Eg fekk nok betre karakter på dette enn eg plar få elles, seier Linda, medan Rebecca meiner at resultatet for hennar del var som vanleg.



Framsida på Lindas barnebok.

Kreativ oppgåve

At dei er forfattarspirer, vil dei ikkje vera med på.

- Men eg likar å skriva eventyr, fortel Rebecca. Dessutan var det kjekt å få bruka dei kreative evnene og blanda teikningar og ord i denne boka. Eg teikna meir før, men no og då leikar eg med pennen i timane.
- Heime teiknar eg litt, seier Linda. For meg var det diktinga som var vanskelegast.
- Ja, det syntest eg óg. Figurane var planta i hovudet frå før.

På trykk?

Det store spørsmålet er om dette nokon gong blir gjeve ut og tilgjengeleg for allmenta. Rebecca storler og svarer eit tydeleg nei. Linda trur heller ikkje det vil skje, men meiner det vil vera eit gildt minne å sjå tilbake på.



Ei side i Rebeccas barnebok.